

Samarbeid kan hindra skule-utsetjing

06.06.2012



Spenningen er stor framfor formannskapsmøtet i morgon der det er fåre for at også rehabiliteringa av skulen her i bygda kan bli råka av ein investeringsstopp på 2 år.

Økonomiplanen skal opp før skuleprosjektet og håpet kan liggja i at saka om skulen blir utsett og realitetshandsama først under kommunestyremøtet om ei veke. Kjell Yri (V) håpar på det og apellerar om eit bredt samarbeid mellom partia. om ei felles løysing av økonomiproblema.

Dette var toppsaka under møtet i Uskedalen Utvikling i kveld

Johannes Hjørnevåg i FAU orienterte og minte om tilstanden til klasseromsfløyen.

- Vi kan ikkje halda fram med å bryta lova i 2 år til, sa han og kunne akseptera eitt års utsetjing. Han var også stemt for å auka løyvinga til 15 millionar for å få gjennomført viktig utearbeid som fortau ned til skulen.

Kjell Yri minte om at fylkesmannen ikkje tillet at kommunen brukar meir pengar og sa at det ligg an til ein hestehandel mellom partia om ei løysing.

Magne Huglen (Ap) opplyste at hans parti er villig til å endra skulestruktur og nytta eigedomsskatten men må ha hjelp av andre parti for å få til dette. Han peika her på Sp og KrF. Høgre og Frp vil berre kutte stillingar og det ville ikkje hans parti vera med på.

Huglen ba om at partia legg prestisjen til side.

Erfaringane frå Halsnøy vart påpeika, men her var det stor usemje om omfanget av innsparinga. Gunn Mari Moberg (H) meinte at sentraliseringa så langt ikkje hadde gitt nokon innsparing mens Huglen heldt fast ved 3 millionar.

Thor Inge Døssland meinte Halsnøyskulen er ein suksess Odd Steinar Arnesen minte om at skulen har vore i den same tilstand i 15-20 år og at dei som er der vil bli svært skuffa hvis det ikkje skjer noko snart

Målet for Uskedalen Utvikling er å auka medlemstalet til 100 i år og nå er dei halvvegs, opplyste leiar Kristian Olav Bringedal Bjørn Olav Tveit sa i ein orientering om Festidalen at dei treng fleire frivillige. Festivalen fekk berre ros for opplegget for dei yngre som er omtala på annan plass.

Av Ola Matti Mathisen



Fleire lokale politikarar var med på møtet. Her sit Gunn Mari Moberg, Kjell Yri og Magne Huglen. Til høgre Odd Steinar Arnesen frå skulen